

Ola K. Feste

Haukåsvegen 18

5912 Seim

Feste 15. August 2019

Til Lindås kommune

Postmottak.

Referanser:

Dykkar:

19/324 – 19/23879

Min:

Brev levert 28. Mai d.å

Purring på svar sendt 2. Juli

Purrring på svar pr telefon 9. August

Om saksgangen i Lindås kommune og om flytebryggjene ved Feste kai.

Om saksgangen er svaret generelt for Lindås kommune og som venta tilfredsstillande.

Om flytebryggjene vert svaret avgrensa med den innskotne setninga (sitat) "så vidt planavdelinga kjenner til" (sitat slutt). InnhalDET er dermed nesten verdilaust som svar.

I brev av 28. Mai d.å. var førespurnaden og oppmodinga utan avdelingsavgrensinger.

I von om å få eit fullstendig svar prøver eg å vere så tydeleg som eg maktar:

1. Ber om å få tilsendt vedtak som er gjort vedkomande flytebryggjer ved Feste kai (Gnr. 70 bnr. 27) etter 29.04.1987. Spørsmålet omfattar alle vedtak same kva avdeling eller etat som har gjort dei, anten dei er politiske eller administrative, munnlege eller skriftlege, og gjeld plassering, storleik og bruk. For å unngå melding om manglande tilgang til arkiv eller liknande, spør eg : Har kommunen gjort noko

som helst vedtak, politisk eller administrativt, munnleg eller skriftleg som tillet den plassering, storleik og bruk som i dag finn stad med desse flytebryggjene? Dagens situasjon går tydeleg fram av dronebilete i samband med kommentar til reguleringsplan for Feste kai- og næringsområde.

2. Ber om å tilsendt svaret på den klagen på flytebryggjer ved Feste kai (Gnr. 70 bnr. 27) som kom fram i kommenter til reguleringsplanen for Feste kai- og næringsområde. (ifg sakshandsamar for reguleringsplanen : Sitat” Motteken klage er sendt til postmottak/byggjesak” sitat slutt)

I fall det ikkje er fatta nokon vedtak nemnde under pkt. 1. ber eg også om å få svar om det.

Dersom det ikkje føreligg svar på pkt 2, ber eg om å få grunngjeving kvifor klagen ikkje er handsama enno.

Med helsing

Ola K. Feste

(sign)

Motteken klage er sendt til postmottak/byggjesak